



**LFN**  
**Landsforeningen**  
**For Nakkeskadde**  
Tilsluttet Norges Handikapforbund  
*En smerte som deles taper sin kraft ...*

Arbeids- og Velferdsdirektoratet  
v/Arbeids- og velferdsdirektøren  
Postboks 5 St. Olavs plass  
01030 OSLO

Dato 12.11.2013

### **Tidsfristen for arbeidsavklaringsperioden.**

Gjennom likemannsarbeidet i Landsforeningen for Nakkeskadde (LFN) har spørsmålet angående arbeidsavklaringspeng blitt eit stadig viktigare tema for mange nakkeskadde. Mange av våre medlemmar og andre skadde som tek kontakt er svært uroa over kva som skjer når den maksimale periode for å få slik stønad går ut 28. februar 2014.

LFN registrerer at dette er ein vanskeleg sak heilt opp på departementsnivå, men denne uklare situasjonen gjer på ingen måte det enklare for alle dei som står i fare for å miste sitt økonomiske fundament.

Tilbakemeldingar tyder på at fleire har fått munnlege avslag frå NAV om uføretrygd. I kva grad dette er brot på forvaltningslova er vanskeleg å ha ein konkret formening om, men dersom kronisk nakkeskadde munnleg blir oppmoda om å ikkje søkje fordi dei likevel vil få eit formelt avslag, er det grunnlag for å reise kritiske spørsmål rundt gjeldane praksis.

LFN har arbeidet målretta for at nakkeskadde skal få eit godt tilbud på både diagnostisering og påfølgande rett behandling. Viser bl.a. til brev av 31.10.11.

Vi er klar over at dei medisinfaglege spørsmål sorterer under helsedepartement og tilhøyrande direktorat. Faktum er likevel at mange nakkeskadde utan adekvat behandling nå vil blir pressa ut i ein arbeidsmarknad dei på ingen måte er klar for. Dette blir ein stor utfordring for NAV og arbeidsgjevar, men ein enda større utfordring og alvorleg konsekvens for den skadde og dei pårørande.

Den manglande diagnostisering av nakkeskadde har vært eit sentralt tema for LFN siste åra. Vi har vore i dialogmøter med helsemyndighetene fleire gonger sidan 2009. Sist i år hadde LFN møte med Helseministeren 6. mai og eit møte med Helsedirektoratet 21. august.

29. august hadde LFN møte med statssekretær i arbeidsdepartementet der vi la fram mange viktige problemstillingar nakkeskadde møter. Dialogmøtet oppfatta vi som veldig viktig og til gjensidig nytte.

Det er viktig å formidle at dei aller fleste skadde har eit sterkt ønske om å komme seg ut i delvis eller fullt arbeid. Problemet er at svært mange, i mangel på adekvat behandlingstilbod, får ein feilbehandling som forverra situasjonen og gjer det umogeleg å utnytta restarbeidsevna.

Svært mange nakkeskadde opplever at deira skader ikkje blir forstått godt nok av det offentlege helsevesen i Norge. Dette har sin årsak i etablert behandlingsskultur. Bruk av nye moderne diagnoseverktøy er omstridt og spesialister som har ein annan innfallsvinkel enn den etablerte vitskapen blir ikkje tatt på alvor, når deira pasientrapporter blir lagt fram for NAV som vedlegg til søknader.

Landsforeningen for Nakkeskadde ynskjer å vere i ein konstruktiv dialog med arbeids- og velferdsdirektoratet med tanke på å finne fram til gode løysingar som gjer at flest mogeleg av dei skadde kan få bruke sin restarbeidsevne.

I første omgang ynskjer Landsforeningen for Nakkeskadde å få ein avklaring på spørsmålet om kva som nå vil skje med alle som står i fare for å miste avklaringspengane frå og med 1. mars 2014.

Med venleg helsing  
Landsforeningen for Nakkeskadde

Jon Birger Eldevik  
Leiar